



Arkiv nr:

Sak nr 16/2017

Møtedato: 29.8.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

F218, Nøsen – søknad om inngjerding av fritidsfeste

Festaren til 94/1/218 søker om å få gjerde inn ca. 900 m², vist med blå strek på flyfoto. Festet ligg inn på stølsutmåling 722 som vist på kart. Søknaden er grunngjeven med at det er ulemper med beitedyr på jordet.



Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden.

Etter tomtfesteloven disponerer festaren 1 daa når det gjeld punkt feste. I utgangspunktet er det ikkje lov å gjerde inn, men det har vore praksis å få gjerde inn ca. 0,5 daa når det er ulempe med beitedyr. Fjellstyret behandla dette som ei prinsipp sak i sak 53/2000 og har sidan fylgt følgjande prinsipp:

Fjellstyret tilrår inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningslinjer:

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Kommunen har vedteke reglar for inngjerding av hyttefester. Inntil vidare gjeld desse reglane ikkje for uregulert område statsallmenningen, men etter revisjon av kommuneplan vil dei gjelde. Reglane tillèt inngjerding av 500 m² pluss tillate bygningsareal (det har ingen betydning om det på eldre fester er større bygningsareal). I statsallmenningen vil det i praksis seia inngjerding på 600 m². Statskog som grunneigar kan setja strengare reglar. I sak 11/2017 fann fjellstyret at ein vil tilråda at følgjer regelverket som kommunen har vedteke med maksimalt inngjerda areal på 600 m².

I denne aktuelle saka blir det søkt om inngjerding på 900 m². Fritidsfesta disponerer i utgangspunktet 1 daa, men det omfattar ikkje rett til å gjerde inn alt areal. Veg fram til hytta utgjer i tillegg eit areal på ca. 200 m². Det er ikkje særlege grunnar som gjer det nødvendig med eit større areal i denne saka.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får gjerde inn 600 m² i samsvar med reglane som kommunen har vedteke.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får gjerde inn 600 m² i samsvar med reglane som kommunen har vedteke.

Vedtaket er einstemmig.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.8.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog